



Søknad om reguleringsendring

**Reguleringsplan Stemmegarden del av
gnr. 1, del av bnr. 1,3 og 92**

NASJONAL AREALPLANID: 4626_1246 20110011

Dato 06.04.22

UTKAST


Innheld

1.	Samandrag av endringa	2
2.	Nøkkellopplysingar	4
3.	Intensjonar og mål med endringa	5
3.1	Kvalitetar som endringa bidreg med	6
3.2	Tidlegare vedtak og reguleringsendringar	6
4.	Planprosessen.....	8
4.1	Oppstartsmøte	8
5.	Gjeldande reguleringsplan	8
6.	Skildring av planområdet.....	10
7.	Skildring av reguleringsendringa	14
7.1	Følgjande endringar er innarbeidd i plankartet:	14
7.2	Følgjande endringar er innarbeidd i føresegnene:.....	19
7.3	Vurdering av endringa	20
8.	Konsekvensar av reguleringsendringa.....	21
8.1	Barn og unges interesser.....	21
8.2	Terreng og landskap	21
8.3	Folkehelse og friluftsliv.....	21
8.4	Kulturminne.....	22
8.5	Naturressursar og naturmangfaldslova.....	22
8.6	Trafikktryggleik.....	22
9.	Varsel om oppstart og merknader til endringa	22


1. Samandrag av endringa

Reguleringsendring for Stemmegarden del av gnr. 1, del av bnr. 1, 3 og 92.


Føremålet med planendringa er å etablere ein funksjonell og tilgjengeleg gangveg som kan nyttast av beboarar innafor reguleringsplanane Stemmegarden og Tibben og andre som bur i området. Det er svært viktig å etablera trafiksikre forbindelsar spesielt for barn og unge, og trygge skulevegen for dei. Gangvegen vil både sikre tilfredsstillande tilkomst til fylkesvegen (FV560) og til kollektiv/busshaldeplass.



Figur 1: Utsnitt av gjeldande plan



Figur 2 Kart som syner kor planen er utvida og endra (Varslingskart)




Figur 3 Plankart med regulert gangveg

Oppsummering av endringar

1. Gjeldande plan for Stemmegarden blir utvida og regulerer gangveg (føremål gangveg/gangareal/gågate) til fylkesvegen. Krysset som blir regulert mot fylkesvegen og inkluderer delar av denne, er ein detaljering av gjeldande plan for FV 555 (no 560) Kolltveit – Sund grense. I dag er den berre regulert med avkørselspil.
2. Deler av leikeplass i gjeldande plan for Stemmegarden blir omregulert til gangveg. Delar av veg i plan for Stemmegarden endrast frå offentleg til privat eigarform.
3. I regulert innkøyring til Stemmegarden i gjeldande plan for FV 555 (560), overlappar ein på ein uheldig måte med detaljregulering for Stemmegarden. Det er i planforslaget regulert innkøyring i samsvar med eksisterande avkørsle.

2. Nøkkellopplysingar

Gnr./bnr. (hovudeigedommen)	Gnr. 1 Bnr. 129 (Planområdet for Reguleringsplan Stemmegarden)
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	Rekkjefølgjekrav i gjeldande bustadplan, og delvis i LNF-spreidd bustadbygging.
Forslagsstillar	Vacuri AS
Grunneigarar (gnr./bnr. på <u>alle</u> eigedommane innanfor planområdet, ev namn på grunneigarar)	Grunneigar for grunnen der gangvegen skal anleggjast: Gnr. 1, Bnr. 3.: Marit Anbjørg Thorkildsen og Rune Barstad Thorkildsen. Ein gjer og endringar på Gbnr. 1/120 og 1/115.
Plankonsulent	HOLON Bergen AS
Hovudformål med endringa	Etablera gangveg
Storleik på planområdet i daa	
Tal på nye bustadeiningar i endringa	Ingen endring
Aktuelle problemstillingar	Overlapping med plan for fylkesvegen
Oppstartsmøte for endringa, dato	10.11.21
Utsendt varsel om reguleringsendring, dato	08.04.22
Sendt til uttale (offentlege instansar), dato	08.04.22



Figur 4: Del av eigedomen Gnr 1 Bnr 3 der gang- sykkelvegen skal regulerast er synt med gult.

3. Intensjonar og mål med endringa

Føremålet er å etablere ein funksjonell og tilgjengeleg gangveg som kan nyttast av bebruarar i Stemmegarden og Tibben og andre i området. Det er svært viktig å etablera trafikksikre forbindelsar spesielt for barn og unge, og trygge skulevegen for dei. Gangvegen vil sikre tilfredsstillande tilkomst til fylkesvegen og til kollektiv/busshaldeplass og elles til området Trengereid.

Endringa skal knytast til gjeldande plan for Stemmegarden.

I tråd med plan- og bygningslova §12-14 varslast det difor om søknad av endring av detaljreguleringsplan for Stemmegarden. I denne søknaden omtalast endringane i plankart og i føresegnehøye samt eventuelle konsekvensar av desse endringane.

Det er eit rekkjefølgekrav i gjeldande naboplan, bustadplan for Tibben¹: I føresegner for denne reguleringsplanen heitar det: «Før det vert gjeve byggeløyve for bustader i planområdet skal det vere etablert samanhengande gang og svakkeløv eller fortøv fram til nærmaste kollektivhaldeplass.»

Regulert gang- og sykkelveg i gjeldande plan for RV 555 (nr 560) er ikkje gjennomført, og difor fremmast anna likestilt alternativ med denne planendringa for Stemmegarden. Regulert løysing for gang- og sykkelvegen kan ikkje bli gjennomført før fylkesvegen er bygget. Difor vil ein gjennomføre denne løysinga i staden for den som er regulert. Gangvegen som no fremmast som alternativ er minst like god, og vil fungera betre (fordi den er mykje kortare) for dei som bur på same side (vestsida) av fylkesvegen. I det store biletet med planlagt gang- og sykkelveg langs heile hovudvegen, vil det på sikt og vera naudsynt for fylkeskommunen å etablera denne. Det store planlagde fylkesveganlegget med gang- og sykkelveg utelukkar ikkje at gang- og sykkelvegen byggast i framtida. Førebels vil gangvegen som no planleggast vere ein fullgod erstatning.

¹ Detaljregulering for Tibben gnr. 1, bnr. 3 m.fl. – Trengereid. PLANID: 4626_124620170003

Planendringa skal og rydde opp i ei uheldig overlapping i krysset mot hovudvegen, og ein del av tidlegare offentleg veg innanfor delar av planområdet for Stemmegarden vert endra til privat veg.

Detaljregulering for Stemmegarden krev endring i både plankart og i føresegner. Det er tatt inn rekkefølgjekrav som gjeld opparbeiding av gangvegen i føresegnene.

Planframlegget leggje til rette for ein gangveg til bustadfelta Tibben og Stemmegarden som er utforma etter gjeldande krav. Området er under utvikling og fleire bustadar er allereie bygd. Bustadane er godt eigna for barnefamiliar og folk i etableringsfasen. Ein trygg veg til busstopp ved fylkesveg 560 vil knyte området Trengereid/Skogsvåg betre saman.


3.1 Kvalitetar som endringa bidreg med

Som ein del av endringa rettast det opp feil i plankart. I regulert innkøyring til Stemmegarden i gjeldande plan for FV 555 (560), overlappar ein på ein uheldig måte med detaljregulering for Stemmegarden. Linene er ikkje samsvarande og desse rettast opp med denne endringa.


Delar av veg i plan for Stemmegarden endrast frå offentleg til privat eigarform slik at den offentlege vegen endar i ein snuhammar.

3.2 Tidlegare vedtak og reguleringsendringar

Det har tidlegare verte gjennomført ei justering/endring av plan Stemmegarden slik at planen fekk ein kopling til plan for Tibben. Dette er synt i figurane under.




Figur 5: Gjeldande reguleringsplan for Stemmegarden del av gnr. 1, del av bnr. 1,3 og 92, Fjell kommune frå 2013 som vart endra med detaljregulering Tibben.



Figur 6: Detaljreguleringsplan for Tibben gnr. 1, bnr. 3 m.fl. – Trengereid frå 2019. Området som vart endra er markert med rød stipla strek

Det blei og gjennomført ei mindre endring for plan for Stemmegarden i 2018. Formålet med endringa var å tilpasse formåla for bustad betre til terrenget gjennom å erstatta planeringshøgder med maks kotehøgd som byggehøgd, justera tomteinndelinga for BF02 og rydda opp i nokre feil i gjeldande føresegn og kart.



Figur 7. Plankartet for Stemmegarden etter mindre endring i 2018.

4. Planprosessen

4.1 Oppstartsmøte


Oppstartsmøte med Øygarden kommune blei gjennomført 10.11.21. Referat frå møtet kan hentast her: <https://holon.no/kunngjoringer/>

Øygarden kommune har, etter vurderingar gjort etter møtet, i e-post 13.01.22 uttalt:


«Ettersom det er noko tvil i denne saka om den kan gå etter forenkla prosess, vil vi tilrå at dykk varslar oppstart etter ordinære reglar, jf. pbl. § 12-8 tredje ledd. I varsel skal dykk opplyse om at kommunen vil vurdere om saka kan gå etter forenkla prosess. Vi vil med bakgrunn i innhald i merknader ta stilling til kva for prosess saka skal følgje vidare.»

5. Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande planar for Tibben og Stemmegarden er regulert i tråd med kommuneplanen til føremål bustad. Planlagt ny gangveg vil plasserast delvis i LNF i kommuneplanen.



Figur 8: Planområdet omtrentlig markert med raud sirkel på kommuneplanen.




Figur 9: Oversikt over reguleringsplanar i området



Figur 10: Gjeldande reguleringsplanar vist samla.

6. Skildring av planområdet


Planområdet er lokalisert ved Trengereid, nord for Skogsvåg i Øygarden kommune.



Figur 11: Planområdet markert med raud sirkel på flyfoto



Figur 12: Området Trengereid




Figur 13: Flyfoto som syner allereie anlagt snarveg.

Det er allereie etablert ein snarveg, der ein skal utvide med regulering av gangveg. Planområdet ligg tett på fylkesvegen og inkluderer delar av denne.


Det er flere servicetilbod og offentlege tenester på Skogsvåg, i kort avstand frå planområdet. Skogsvåg skule liggjer sør for Skogsvåg senter.

Det er ikke kartfesta automatisk freda kulturminne i eller tett på planområdet, etter [søk](#) (Kulturminnesok.no).




Figur 14: Oversikt over kulturminne i nærleiken (kulturminnesok.no) Planområdet merka med rød strek.

I aktsemdkart for flaum og overvatt er nokre areal langs vegen og innafor planens avgrensing vist som aktsemdsområde for flaum.




Figur 15: Kommunen sitt aktsemdkart for flaum og overvatt, planområdet vist med raud sirkel

Det er ikkje registrert raudlista artar i eller i nærleiken av planområdet (artsdatabanken.no)



Figur 16: Grågås og Einerbreteige er registrert i Trengereid (begge livskraftige arter). Stjertand er registrert nord for planområdet (sårbar art) og Gyvel (framand art) samt lynghumle (livskraftig).



Figur 17: Oppslag Miljøstatus 08.02.22.

Det er ikke dyrkbar jord, utvalde naturtype, kulturlandskap eller freda artar i planområdet.

7. Skildring av reguleringsendringa

Det er nokolunde samsvar med foreslått gangveg og snarvegen som allereie er bygd. I høve til snarvegen som er anlagt er stigningsgrad, radier på kurvar og bredde i plankartet endra slik at dei samsvarer betre med standard for gangvegar som går fram av vegnormal N100 så langt det har passa. Bredde er 3 meter og stigning er ikkje større enn 1:10. I høve til allereie anlagt snarveg går regulert veg klår av eigedomen Gnr. 1 Bnr. 46 med ein forbetring av svinggradien ved vegdelet. Det er viktig at gangvegen er universelt utforma, har ein minimum breidde på 3 meter samt grøfteareal. Dette kjem fram av plankartet. I tillegg skal gang- og sykkelvegen asfalterast etter kommunens krav, ha eit tilfredsstillande overvasssystem og lys.

Gang- og sykkelvegen langsmed riksveg 560 er ikkje bygd og endringa må sjåast som eit likestilt eller eit betre alternativ for dei som bur i Stemmegarden/Tibben. Gangvegen som no skal opparbeidast som følgje av endringa vil gje alle beboarar i Tibben/Stemmegarden ein kortare gang- og sykkelveg samanlikna med gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er og eit viktig argument for endringa. Samstundes vil det på sikt og verte viktig at gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen verte bygd som ein del av ein større utbygging av veganlegget. Det eine utelukkar ikkje det andre.

7.1 Følgjande endringar er innarbeidd i plankartet:


Her skildrast og illustrerast alle endringar. Føremålet er å etablere ein funksjonell og tilgjengeleg gangveg (føremål gangveg/gangareal/gågate) som kan nyttast av beboarar i Stemmegarden og Tibben og beboarar i Trengereid-området. Det er viktig å etablera trafikksikre forbindelsar spesielt for barn og unge, og det viktig å trygge skulevegen for dei. Gangvegen vil både sikre tilfredsstillande tilkomst til fylkesvegen og til kollektiv/busshaldeplass. I regulert innkøyring til Stemmegarden i detaljregulering for Ny FV 555 (560) Koltveit – Sund, overlappar ein på ein uheldig måte med detaljregulering for Stemmegarden. Dette vert retta opp i planendringa. Det er i planforslaget regulert innkøyring i samsvar med eksisterande avkøyrslle.



Figur 18: Overlapping til venstre og planendring til høgre

- Køyreveg (o_KV02), fortau (o_FT02), anna veggrunn – grøntareal (o_AVG03 - 04) og LNFR)L1-2) er innarbeidd i plankartet.

Deler av offentleg køyreveg i gjeldande plan for Stemmegarden endrast til felles køyreveg etter ynskjer frå Øygarden kommune.



Figur 19: Delar av køyreveg som endrast frå offentleg til felles køyreveg (til høgre)

- Frå o_køyreveg til f_køyreveg (f_KV09). f_KV09 er innarbeidd i plankartet.


Delar av leikeplass blir omregulert til gangveg/gangareal/gågate. Det er naudsynt med ein kopling heilt fram til fortau og veg i Stemmegarden. Ein erstattar ein mindre del av leikeplass med gangveg, på nordsida i føremål leikeplass:



Figur 20: Leikeplass (grønt) i gjeldande plan til venstre, og omregulering av ein mindre del av leikeplassen til gangveg, til høgre

- Frå leikeplass f_LP02 til gangveg (GG). GG er innarbeidd i plankartet.

Gjeldande plan for Stemmegarden blir utvida og regulerer gangveg. Planendringa regulerer delar av fylkesvegen og avkjørsla. Krysset som i endringa blir regulert mot hovudvegen er ei detaljering av gjeldande plan for fylkesvegen, då den berre er regulert med avkjørselspil i dag. Det er difor naudsynt å regulera veggtilkomstar til dei eksisterande eigedomane saman med ny gangveg. Gangvegen er lagt langsmed vegen V2 i plankartet.



Figur 21: Utviding av plan med gangveg.

Ein utvidar planen med ein gangveg (o_GG) med tilhøyrande anna veggrunn - grøntareal (AVG) og regulerer veg (V1 – 3) til eksisterande eigedomar:


- O_GG, AVG og V1 - 3 er innarbeidd i plankartet.




Figur 22: Regulert avkjørsel til høgre


Vegkrysset mot fylkesvegen med avkjørslepil endrast:

- Veg (V), anna veggrunn – grøntareal (AVG) og gangveg (o_GG) er innarbeidd i plankartet.
- Gang- og sykkelveg (o_GS) og køyreveg (o_KV01) vidareførast i tråd med gjeldande plan.



Figur 23 Samla oversikt over endringar i plankartet for plan for Stemmegarden – med reguleringsføremål.





Figur 3 Plankart med reguleringsendringa vist i høve til plan for Ny Fylkesveg 555 (560)

7.2 Følgjande endringar er innarbeidd i føreseggnene:

Føreseggnene for detaljregulering for Stemmegarden er endra som følge av planendringa, og rekkefølgjekrav tas inn. Desse endringane er gjort i føreseggnene:

Nye føreseggn	Endra føresegn
Nytt rekkjefølgjekrav: 2.4.31 Gangveg o_SGG skal etablerast med fast dekke. før det kan gjevast bruksløyve for bustad i BF01, BK01 og BK07.	
4.1.9 f_KV09 er felles for BF01 og BF02.	
§ 4.3 Gang-/sykkelveg (GS) 4.3.1 o_GS1 og o_GS2 er offentleg.	
§ 4.4 Gangveg/gangareal/gågate (GG) 4.4.1 o_GG er offentleg.	
4.5.2 Anna veggrunn – grøntareal o_AVG01 - o_AVG12 skal dekkast til med jord og tilplantast den opphavelege vegetasjonen i området.	
	§ 4.35 Annan veggrunn - grøntareal 4.35.1 Annan veggrunn o_AVG01–o_AVG06, o_AVG02, o_AVG05, o_AVG06 og –f_AVG05 er felles areal grøntareal som skjering og fylling langs etter o_KV01, o_KV02 og o_KV03. Områda skal dekkas til med jord og tilplantast den opphavelege vegetasjonen i området. Sjå § 2.5.6.

4.3.2 Anna veggrunn – grøntareal o_SVG01 - o_SVG12 skal dekkast til med jord og tilplantast den opphavelege vegetasjonen i området.	
6.1 Utforming 6.1.1 Føresegnsområde #1 Innenfor føresegnsområde # skal det sikrast rørdimensjonering for å handtere overvann.	

7.3 Vurdering av endringa

Ei av fordelane med å regulera ny løysing for gangveg er at ein får ein tilfredsstillande kortare veg for dei mjuke trafikantane til busstopp og kollektiv for dei som bur i Tibben og Stemmegarden, samanlikna med dagens regulerte gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Ein sikrar ein allereie etablert snarveg slik at tilhøva blir mest mogleg tilgjengeleg for alle. Stigningstilhøva er på omrentlege 1:10. Det at det er ein eksisterande sti i dag, og at ein dermed ikkje skal gjere inngrep i urørt terreng er eit føremon.

Det er ein planmessig utfordring å bygge regulert løysing langs fylkesvegen. Den regulerte gang- og sykkelvegen vil bli bygget samtidig som resten av fylkesvegen. Eit reelt alternativ er å bygge midlertidig gang- og sykkelveg langs eksisterande veg, men det vil vere i strid med reguleringsplanen. På sikt vil det vere positivt at det og byggjast gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er kanskje ein ulempe at gang- og sykkelvegen ikkje kan byggast no som følgje av at ny hovudveg ikkje er bygd, men det som presenterast her er eit fullgodt alternativ.

Når det gjeld konsekvensar for fylkesvegen vil ikkje planendringa endra tal på avkøyrslar. Plassering av eksisterande avkørsle er den same, men ein strammar opp eksisterande avkørsle og regulerer den til å treffe vinkelrett på vegen. Ein gjer med dette kryssområdet meir oversiktleg og betrar trafikktryggleiken.

Det gjerast ei endring frå offentleg til privat veg på ein mindre del i sør av planområdet for Stemmegarden. Dette er gjort etter eit ynske frå kommunen. Dette heng saman med at det ikkje er snuhammar i enden av vegen. Difor stoppar den offentlege vegen i endringa, ved regulert snuhammar.

Endringa vil ikkje gje konsekvensar for risiko og sårbarheit. Planendringa gjer ikkje auka konsekvens for rasfare, flaum eller støy. Trafikktryggleiken blir forbetra. Vi kan ikkje sjå at planframleggelsen vil endra beredskaps- eller ulukkesrisiko. Endringa betrar trafikktryggleiken ved å regulere trafiksikker gangveg frå hovudvegen og kollektivhaldeplass til bustadfelta.

Det er ikkje andre omsyn etter gjeldande PBL, nyare lovverk (naturmangfaldlova) regionale planar, nasjonale føringar, kommunale føringar osv., som må takast omsyn til i reguleringsendringa. Planlagde tiltak vil ikkje medføra ei endring av gjeldande kommuneplan og er ikkje i strid med overordna føringar/retningsliner. Det er eit krav om at gangvegen skal opparbeidast for å kunne bygge fleire bustadar på Tibben. Vårt forslag til endring vil føre til at planen kan gjennomførast etter intensjonen.

Plan og profilteikningar, samt terregnprofillar er lagt ved, og utarbeidd i tråd med krav frå kommunalt vegmynde. Dei syner at vi oppfyller krav til utforming og dei krava kommunen stiller for overtaking av offentleg vegareal (utarbeidast etter at frist for merknad er gått ut).

For at planforslaget kan handsamast etter forenkla prosess må endringane i liten grad påverke gjennomføringa av planen, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje røre ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Etter oppstart av reguleringssendringa er varsle, og merknadar er kome inn og samanfatta av plan-konsulent, vil Øygarden kommune vurdere om saka kan sakshandsamast som forenkla prosess dersom ikkje merknadar til saka tilseier anna. Dette gjeld endringar som er nemnd i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven § 12-14 andre ledd), med desse vilkåra:

-endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig.

- ikkje går utover hovudramma i planen.

- og heller ikkje får følgjer for omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Gangvegen vert regulert i område som er sett av til LNF-spreidd. Planlagt tiltak (regulering av gangveg) skal etablerast der det allereie i dag er opparbeidd sti, slik at det ikkje vert inngrep i urørt terrengr.

Slik plankonsulent ser det har ikkje endringane, som er synt og skildra over, konsekvens for gjennomføringa av planen, dels fordi brorparten av planen; bygningane og infrastrukturen no er ferdig bygd, men og fordi tiltaka planendringa legger til rette for delvis er gjennomført. Ei hovudramma for ein plan kan fortstås som størrelse (utnyttingsgrad) og høgd på dei bygningane planen legg til rett for.

Når det gjeld gangvegen regulerer vi eit alternativ til noko som allereie var eit rekkefølgjekrav i planen for Tibben, slik at vi ikkje endrar hovudramma med planen, men endrar til ei anna løysing på det. Forslaga til endringar, endrar altså ikkje desse rammene.

8. Konsekvensar av reguleringssendringa

8.1 Barn og unges interesser

Planendringa vil vere positivt for barn og unges interesser. Gangvegen som skal etablerast vil sikra tryggare skuleveg og tryggare veg til kollektivhaldeplass. Leikeplassarealet blir noko redusert som følgje av at gangvegen leggast på/langsmed dette arealet. Dette vil likevel ikkje gje spesielt negative konsekvensar for leikeplassarealet, ein vurderer det slik at gangvegen og kan nyttast som ein del av eit leikeområde (ballspel, sykling og liknande). Leikeplassen er opparbeidd som ein naturleikeplass og det er i utgangspunktet ikkje tenkt at leikeplassen skal gjerdast inne. Gangvegen kan bli eit effektivt og attraktivt alternativ for barn og unge. Leikearealet reduserast på plankartet men gangvegen vil kunne fungere som eit supplement til naturleikeplassen.

8.2 Terreng og landskap

Foreslått gangveg vil gje minimale konsekvensar for terreng og landskap. Ein må utvida gangvegen noko samanlikna med dagens eksisterande sti, men dette vil ikkje føre til vesentlege endringar i terreng og landskap.

8.3 Folkehelse og friluftsliv

Planendringa vil vere positiv for folkehelse og friluftsliv. Gangvegen legger til rette for folk i alle aldrar får ein tryggare veg, og slik sett opnar for fleire moglegheiter for å kome seg ut. Det at det er trygt å gå til kollektivhaldeplassen vil føre til at det er tryggare for foreldre melom anna, å sende borna ut aleine. Det er bra for folkehelsa å kunne vera mobil, og kome dit ein ynskjer på ein trygg måte.

8.4 Kulturminne

Planendringa vil ikkje ha konsekvensar for kulturminne.

8.5 Naturressursar og naturmangfaldslova

Det er ikkje spesielle ressursar som vil bli påverka av endringa. Planområdet er ikkje nytta som jordbruksareal eller til friluftsliv. Det er heller ikkje gjort funn av trua eller raudlista artar (søk i artsdatabanken.no) dyrkbar jord, utvalde naturtype eller kulturlandskap. Planendringa får difor ikkje konsekvensar for freda arter, utvalde naturtypar, kulturlandskap eller dyrkbarjord.

8.6 Trafikktryggleik

Planendringa vil ha positive konsekvensar for trafikktryggleiken. Trafikktryggleik og teknisk infrastruktur er sentralt for endringa, og det er eit krav om opparbeidning av gangveg i gjeldande plan for Tibben. Planendringa forbetrar tilhøva for tilgjenge til busstopp, det er bra for alle som bur i planområdet, men er sjølvsagt særleg viktig for barn og unge som vil ha det som del av deira skuleveg. Utover det gjer det også tryggare åtkomst for nokre av dei eksisterande bustadene aust for planområdet.

9. Varsel om oppstart og merknader til endringa

Planendringa varslast på vanleg måte for alle plansaker, med brev til offentlege instansar og naboar. Desse naboane vart varsle med brev:

GNR	BNR	Eiendommens adresse	GNR	BNR	Eiendommens adresse
1	120	Stemmegardshaugane 9C	1	122	Stemmegardshaugane 2H
1	51	Søre Fjellavegen 698	1	122	Stemmegardshaugane 4A
1	73	Søre Fjellavegen 686	1	122	Stemmegardshaugane 4C
1	52	Søre Fjellavegen 775	1	122	Stemmegardshaugane 4B
1	124	Stemmegardshaugane 27	1	122	Stemmegardshaugane 6A
1	123	Stemmegardshaugane 3G	1	122	Stemmegardshaugane 6C
1	123	Stemmegardshaugane 3F	1	122	Stemmegardshaugane 6B
1	123	Stemmegardshaugane 3E	1	121	Stemmegardshaugane 8D
1	123	Stemmegardshaugane 3D	1	121	Stemmegardshaugane 8C
1	123	Stemmegardshaugane 3C	1	121	Stemmegardshaugane 8B
1	123	Stemmegardshaugane 3B	1	121	Stemmegardshaugane 8A
1	123	Stemmegardshaugane 3A	1	121	Stemmegardshaugane 8H
1	123	Stemmegardshaugane 1A	1	121	Stemmegardshaugane 8G
1	123	Stemmegardshaugane 1B	1	121	Stemmegardshaugane 8F
1	123	Stemmegardshaugane 1C	1	121	Stemmegardshaugane 8E
1	123	Stemmegardshaugane 1D	1	121	Stemmegardshaugane 10B
1	123	Stemmegardshaugane 1E	1	121	Stemmegardshaugane 10A
1	122	Stemmegardshaugane 2A	1	121	Stemmegardshaugane 10D
1	122	Stemmegardshaugane 2B	1	121	Stemmegardshaugane 10C
1	122	Stemmegardshaugane 2C	1	3	Stemmegarden 6
1	122	Stemmegardshaugane 2D	1	2	Søre Fjellavegen 775
1	122	Stemmegardshaugane 2E	1	46	Stemmegarden 12
1	122	Stemmegardshaugane 2G	1	45	Stemmegarden 10
			1	32	Stemmegarden 8